



Korpset godt i gang på scenen, i samspel med den flotte saangsolisten Ailie Reid. (Foto: Thor Inge Døssland)

Siddis Brass i Stavanger er avvikla for 27. gongen i helga, med deltaking av Rosendal Musikklag i 3. divisjon. Denne gongen kom 6 av musikarane frå Uskedalen. Musikklaget gjorde det betre enn i fjor. Då vart dei nummer 16 av 19 korps, men denne gongen kom dei på niandeplassen av 18.



Veteranen Gunnvald Friheim frå Uskedalen har knytt mange slipsknutar for den unge garde under konsertar. Her hjelper han debutanten Birgitte Hjelmeland i Stavanger. (Foto: Thor Inge Døssland)

Dei delte denne plassen med Lyshornet Brass og Indre Torungen Brass Ensemble og alle tre fekk 97 poeng av 110 oppnåelege. Vinnaren i denne divisjonen, Stavanger Kommunekorps, hadde 104 poeng.



Spenningen er til å ta og føle på. Yngstemann Sindre Aksnes og veteranen Bjarne Klette lyttar ved døra når konkurrentane frå Tysnes spelar. (Foto: Thor Inge Døsland)

Rosendal fekk 90 av 100 for framføringa og sju av ti for programvalet.

Rosendal-korpset gjorde ein flott innsats på scenen og fekk gode tilbakemeldingar frå dommarane. I tillegg var de tydeleg at publikum sette stor pris på det programmet dei framførte.

Tysnes Musikklag kom på sjetteplass med 99 og Fitjar Musikklag vart nummer 16 med 91.

Dette året var det Eikanger-Bjørsvik Musikklag som sigra i elitedivisjonen, foran Stavanger Brass Band og fjorårsvinnar Manger Musikklag.